



Jaren Hornmusikk der Vegard Døssland spelar, fortset oppturen i eliten!

Jaren Hornmusikkforrening presenterte eit flott program under Siddis Brass i Stavanger i dag. Både publikum og dommarane sette stor pris på det dei høyrde, og dommarane plasserte dei på ein knallsterk 3.plass i konkurransen. Berre vinnarane Stavanger Brass Band og Eikanger Bjørsvik Musikklag kom føre Jaren på resultatlista. Ein annan storhet Manger Musikklag kom på 4.plass.

Rosendal Musikklag deltok i 3.divisjon, og dei vart nr.12 av dei 13 korpsa i divisjonen. Tysnes Musikklag imponerte nok ein gong og fekk ein sterk 3.plass. Begge korpsa vart dirigert av Yngve Nikolaisen. Han dirigerte og Sagvåg Musikklag som gjorde ein bra innsats i 2.divisjon.

Mobilfoto: Thor Inge Døssland.